

Referat frå møte i Strøm menighetsråd
Tirsdag 25. februar 2025
Kirkekontoret kl. 17.15–19.30

Til stades: Bjørg Thoner, Einar Gelius, Torill Amundsen, Inger Haug Eskvik, Hans Jørgen Geitz, Eli Tjernstad Bekkholt og Bjørn Sverre Hol Haugen (ref)
Forfall: Berit Leithaug Mælum

Saksliste:
Ord for dagen: Torill

Sak 7/25 Godkjenning av protokoll
Godkjent utan merknader

Sak 8/25 Orienteringar/referatsaker
Forordning for gudstenester: kjem som sak på felles soknerådsmøte
Vi snakka om kor mange gudstenester det høver å ha i kvar kjerke, kva vi kan arbeide med på tvers av dei to sokna Sør-Odal og Nord-Odal. Saka blir drøfta på fellesmøte, og så kan vi ta det opp som sak i Strøm på nytt.

Kaffikroken er under arbeid. Det blir montert nye varmeomnar der det vantar.

Samråd før kjerkemøte 2025, 24. mars kl. 18–21. Digitalt. Kjerkemøte er 25.–28. april. Bjørg deltek på det digitale samrådet. Ho sender invitasjon med lenke ut til soknerådet når lenke kjem.

Sak 9/25 Aktivitetsliste (gudstenesteliste)
Ekstra gudsteneste blir i Oppstad 2. mars klokka 18.00, med Elias Akselsen og fleire. Kjerketenar er til stades, og da trengs ikkje ekstra vertskap.
- Fasteaksjon: Frammøte 17.00 – 19.30 på kjerkekontoret, 8. april. Vi diskuterte korleis dette kunne organiserast:
Kan bøsseane delast ut under konfirmantsamling 23. mars saman med roder, og så leverast innatt 8. april? Bjørg avklarar med Per-Ivar og Turid om alt dette kan vera klart før 23. mars. Hans Jørgen kan hjelpe til med organisering på kjerkekontoret i forkant om naudsynt. Eli og Inger stiller som vertskap på Menighetshuset 23. mars, i tillegg til Marit Thorset. Hans Jørgen, Torill og Bjørn Sverre tar imot på kjerkekontoret 8. april.
- Femtiårskonfirmantmarkering er under arbeid. Eli har fått med seg to stk. til komité og sender forvarsel nå i mars. Det blir 7. september.
- Manglande datoar på hausten
30. november er på Galterud sanitetshus. 14. desember er kanskje flytta til Ullern, kanskje er det i Strøm kl. 11. Om det er i Ullern så er det ingen gudstjeneste i Strøm mellom 9. november og jul. Torill oppdaterer aktivitetsliste.
- Den 8. mai er Einar og ordførar og legg ned krans. Einar høyrer med ordførar kor stort opplegg det skal vera.

- Sak 10/25 Sommaropen kjerke: Vi diskuterte om vi vil ha open kjerke, om vi vil ha open kjerke med folk til stades, eller om vi vil ha open kjerke utan folk til stades (utvida):
Vi prøver å gjenta ordninga frå i fjor, med tre dagar ope med vertskap, kvar veke i juli.
- Sak 11/25 Årsmøte, saker og praktisk gjennomføring.
Björg har skrivi årsmelding for 2024. Kantorane har levert årsmelding. Pedagogane kjem truleg med melding. Björg spør Kari Brøderud om å skrive rapport for det frivillige diakoniarbeidet. Det er løpande aktivitet, sjølv om det ikkje har vori møte i utvalet, og det er fint å gjera det synleg på årsmøtet. Vi gjekk gjennom årsmeldinga og retta opp feil og fylte ut det som vanta.
- Sak 12/25 Aktivitetsplan for 2025. Bjørn Sverre legger fram utkast til diskusjon. Planen vart godkjent med tillegg. Sjå vedlegg.
- Sak 13/25 Eventuelt
Hans Jørgen møter i redaksjonen for menighetsbladet 12. mars. Han fekk med seg informasjon om korleis den økonomiske situasjonen er.
- Vi evaluerte Hekta-leiren. Den er i det store særers vellukka, både med innhald og gjennomføring. Einskilde hendingar prega leiren, men fekk ikkje følger for andre enn dei involverte.